

# SLUTTRAPPORT BYGG 026, SMIA PÅ SMELTEVERKSTOMTA

## RESTAURERING AV TAK



Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum  
februar 2017

## **BAKGRUNN**

Bakgrunnen for søknadane til Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune var lekkasje i taket. Taket over smiedelen vart restaurert og ferdigstilt til opninga av smedlinja i 2015.

## **TAK**

Resten av takplatene hadde også lekkasje fleire stader og var så dårlege at dei måtte skiftast ut med nye.

Arbeidet var på anbod og entreprenøren som fekk tildelt arbeidet vart same entreprenør som tok første del av taket. Arbeidet vart utført på same måte ved at det vart nytta stillas med tak over tak. Dette reduserte i stor grad risiko for at vatn rann inn i bygget under arbeidet og laga merke nedetter veggane. Gjenstandane som er lagra i bygget trong ikkje tildekking. Konstruksjonen vart fri fukt og arbeidsmiljøet for arbeidarane var godt.

Det vart etterisolert i takkonstruksjonen, lagt sutak og lufting på utsida. Innvendig vart dei eksisterande bølgeplatene liggjande som før. Utfordringa var å få tett diffusjonssperre i stålkonstruksjonen.

Arbeidet vart dokumentert undervegs ved at utførande tok bilete som vart leverte NVIM før overtakinga av prosjektet.


## **Budsjett :**

Skildring	Sum
Tilskot frå RA	1 454 700
Tilskot frå Hordaland fylkeskommune post 71 datert 27.04.2015	500 000
Restfinansiering	504 448
<b>Sum finansiering</b>	<b>2 459 148</b>
Anbod Byggmeister Samson Kjoberg AS	2 230 520
Uføresett 5%	111 526
Byggjeleiing	117 102
<b>Sum kostnader</b>	<b>2 459 148</b>
Skilnad	0

## **Komprimert rekneskap**

Skildring	Sum
Tilskot frå RA	1 454 700
Tilskot frå Hordaland fylkeskommune post 71 datert 27.04.2015	500 000
Syssetjingsmidlar frå Kulturdepartementet 2016	323 554
<b>Sum finansiering</b>	<b>2 278 254</b>
Personalkostnader	14 276
Reparasjonar og vedlikehald	2 230 520
Kontorkostnader	29 658
Andre kostnader	3 800
<b>SUM totale prosjektkostnader</b>	<b>2 278 254</b>
Skilnad	0

Med venleg helsing  
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum.

  
Svein Jåstad  
Avdelingsleiar bygg & anlegg.

16.02.2017

Vedlegg:

1. Bilete
2. Underteikna prosjektrekneskap pr. 31.12.2016
3. Revisjonsrapport
4. Sluttrapport – 2 mill i sysselsetjingsmidlar til Kulturdepartementet m/vedlegg
  - a. Statusrapport datert 10. mai 2016
  - b. Disponering av midlar – Avvik i rekneskap i forhold til budsjett
  - c. Gjennomgang av prosjekta gjennomført for 2 000 000 frå KD og fordeling andre tilskotsytarar